



Ytringsfridom i all offentlegheit

I åtte av ti saker om offentlig tilsette og ytringsfridom er det arbeidsgjevar som får ein smekk frå Sivilombodsmannen

Av: Inger Johanne Rein

- Det er ikkje ytringsfridomen til den enkelte, men innskrenkinga av denne som treng grunngeving, sa advokat Jon Wessel-Aas. Wessel-Aas var ein av fleire føredragshaldarar på eit ope seminar om ytringsfridom i arbeidslivet. «Lojal eller lydige» var spørsmålet som vart stilt av arrangørane Høgskulen i Volda ved avdeling for mediefag og Fritt Ord.

Lite rettspraksis

- Vi har overraskande lite rettspraksis i Noreg på ytringsfridom for tilsette generelt, men for offentlig tilsette har vi dei sakene som er meldt til Sivilombodsmannen. Eg har gått gjennom sakene om ytringsfridom dei siste ti-tolv åra, og i åtte av ti saker er det arbeidsgjevar som får seg ein smekk, fortalte Wessel-Aas. Han viste til at det i mange kommunar er laga retningsliner for tilsette som avgrensar ytringsfridomen meir enn arbeidsgjevar har høve til.

- Det ser ut til at vi gløymer at arbeidstakar, som privatperson, har same rett som ein kvar annan borgar til å ytre seg fritt i det offentlege rommet, sa han.

Det er altså ikkje slik at dei tilsette må grunnge kvifor dei vil ytre seg. Det er arbeidsgjevar som må grunnge kvifor dei eventuelt reagerer på ytringa.

Trakk fram Askøy-saka

Wessel-Aas viste også til saka der Norsk Lektorlag vann fram hos Sivilombodsmannen for sitt lektormedlem i Askøy kommune.

- Dette er ei interessant sak som viser ein typisk reaksjon frå arbeidsgjevarane når dei møter kritikk for korleis dei handsamar ytringar dei finn problematiske frå egne tilsette. Lærarane som gjekk ut i avisa ville ha debatt, og arbeidsgjevar hevda etterpå at dei «berre gav litt fagleg veiledning». Sivilombodsmannen var ikkje samd i dette, men meinte «den faglege veiledninga» var ei irettesetting og munnkurv.

Reaksjonane fra arbeidsgjevarane er ofte subtile og pakka inn i såkalla samtalar og fagleg rettleiing. Det er truleg det som er årsaka til at det er så få av desse sakene som kjem opp til overflata.

Offentleg tilsette i ei særstilling

Arne Jensen, ny leiar i Norsk Redaktørforening, peika på at offentlig tilsette må stå i ei særstilling sidan dei jobbar i ein sektor som er vårt felles eige.

- Kva skjer om offentlig tilsette vert knebla eller er redd for å seie frå?

Vi får færre stemmer, eit fattigare ordskifte og eit dårlegare grunnlag for politiske avgjerder. Og då har vi eit demokratisk problem, slo han fast.

Graverande

Gro Elisabeth Paulsen fortalde i seminaret om fleire tilfelle i den norske skulen der lærarar og lektorar har stått fram med kritikk og møtt tøffe reaksjonar.

- Det kan faktisk vere ei så stor personleg belastning for dei som står fram at eg ikkje utan vidare rår mine medlemmer til å varsle – sjølv om det er ein profesjonsetisk dyd å nytte ytringsfridomen sin, sa ho.

- Det er synd at vi er nøydd til å gå til Sivilombodsmannen i slike saker. Og det er særleg graverande at dette råkar den yrkesgruppa som skal lære dei nye generasjonane om grunnleggjande verdiar som demokrati, sa Gro Elisabeth Paulsen.

Saka fra Askøy kommune

Terje Johansen er lektor ved ein ungdomsskule i Askøy kommune. Saman med fem andre tilsette ved skulen lét han seg intervjuet av lokal-avisa Askøyværingen, der dei mellom anna uttalte seg kritisk til eit igangsett konsulentprosjekt som hadde som føremål å heve læringsutbyttet i skulen.

Johansen fekk etter presseoppslaget vite at undervisningssjefen hadde uttrykt misnøye med utspelet overfor skuleleiinga, og ungdomsskulelektoren vart deretter kalla inn til samtale på rektor sitt kontor.

Norsk Lektorlag tok saka til Sivilombodsmannen fordi vi meinte dette var eit brot på ytringsfridomen: At merknaden som vart gitt læraren i møtet med rektor var ei irettesetjing, og brevet frå undervisningssjefen var å tolke som munnkurv.

Askøy kommune vart felt av Sivilombodsmannen for å ha avgrensa ytringsfridomen til Terje Johansen.